

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------|----------------|------------|
| Kristin Handeland | FE-223, FA-C00 | 22/422 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 009/23 | Formannskapet | PS | 14.02.2023 |

Klage på vedtak om kulturmidlar for 2022

Vedlegg:

Fordeling av kulturmidlar 2022

Tidelingsreglement kulturmidlar

Søknad om kulturmidlar

Klage på fordeling av kulturmidlar_20230119

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Formannskapet tildelte i sak 109/22 kulturmidlar for 2022. Formannskapet delte ut totalt 110 000,- kroner i kulturmidlar. Det vart sendt melding om vedtak til søkjarane 03.02.2023. Den 19.01.2023 fekk kommunen klage på vedtaket frå Vesttun Bygdelag. Vesttun Bygdelag meiner kommunen har fatta vedtaket på feil grunnlag. Formannskapet har nytta punkt 11 i tidelingsreglementet. Vesttun Bygdelag søkte om 30 000,- kroner i kulturmidlar for 2022.

Vurdering

I søknaden frå Vesttun Bygdelag om kulturmidlar skriv dei som grunngeving for sin søknad at dei skal nytta midlane til å dekkja auka straumutgifter, vedlikehald som vøling av utelys, dører og anna vedlikehald. I klagen skriv Vesttun Bygdelag om dei aktivitetane dei driv med. Kva aktivitetar Vesttun Bygdelag driv med kjem ikkje fram i søknaden om kulturmidlar for 2022.

Tidelinga er gjort på bakgrunn av det som står i søknaden og dokumentasjon knytt til søknad av kulturmidlar 2022. Fedje Indremisjon (Bedehuset), Stormark Grendahus og Vesttun Bygdelag fekk alle tildelt 3000,- kroner ut frå punkt 11 i tidelingsreglementet for kulturmidlar.

Konklusjon: Formannskapet opprettheldt sitt vedtak i sak 109/22. Formannskapet gjer vedtak om tildeling av kulturmidlar på bakgrunn av tidelingsreglement for kulturmidlar, søknadar og dokumentasjon som ligg ved søknadane.

Forslag til vedtak:

Formannskapet stadfestar sitt vedtak i sak 109/22. Tildeling av kulturmidlar for 2022. Vesttun Bygdelag får tildelt 3000,- kroner i kulturmidlar for 2022. Grunngevinga for vedtaket er at Vesttun Bygdelag i sin søknad oppgjer at dei skal nytta kulturmidlane til å dekkja auka straumutgifter,

reparera utelys, og halda huset ved like. I tildelingsreglementet for kulturmidlar vedteke i kommunestyresak 047/03 punkt 11 i tildelingsreglementet står det: ..«Tilskot frå kulturmidlar skal ikkje gå til organisasjonar som berre driv hus/ eller leiger ut hus.»..

Formannskapet - 009/23

F - behandling:

F - vedtak:

Formannskapet stadfestar sitt vedtak i sak 109/22. Tildeling av kulturmidlar for 2022. Vesttun Bygdelag får tildelt 3000,- kroner i kulturmidlar for 2022. Grunngevinga for vedtaket er at Vesttun Bygdelag i sin søknad oppgjer at dei skal nytta kulturmidlane til å dekkja auka straumutgifter, reparera utelys, og halda huset ved like. I tildelingsreglementet for kulturmidlar vedteke i kommunestyresak 047/03 punkt 11 i tildelingsreglementet står det: ..«Tilskot frå kulturmidlar skal ikkje gå til organisasjonar som berre driv hus/ eller leiger ut hus.».. Formannskapet visar til at frivillige lag og organisasjonar kan søkja straumstøtte.

Samrøystes vedteke.